



Fylkesmannen i Hordaland
Ingunn Landro Sandset

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/122 - 15/26467

Saksbehandlar:
Astrid Namtvedt Sylta
syas@lindas.kommune.no

Dato:
13.08.2015

Rapportering av bruken av kompetansemidler til barnehagar 2014.

I brev frå Fylkesmannen i Hordaland datert 14.05.2014 mottok Lindås kommune kr 139 573 i kompetansemidler til barnehagane. Rådmannen i Lindås vil med dette rapportere bruken av pengane.

Kva det statlege tilskotet er brukt til?

Styrarsamlingar for alle styrarane i kommunen, private- og kommunale.
Interkommunal styrarsamling. *Hovudtema minoritetsspråklege barn.*
Reinhand - prosjektet. 6 private- og 2 kommunale barnehagar deltok.
Kurstilbod for alle barnehagetilsette i Lindås.
Kursrekke i *Kvalitetsarbeid og endringsleiing i barnehagen.*

Samarbeidspartnarar / deltakarar.

Lindås har nytta desse samarbeidspartnarane i høve til kurs / kompetanse for barnehagane i 2014:

Tonje Alvestad Ophus: Minoritetsspråklege barn i barnehagen. 12 deltakarar frå private- og 4 frå kommunale barnehagar.

Astrid Manger: Dokumentasjon i barnehagens pedagogiske kvardag. 18 deltakarar frå private barnehagar.

Dag skram, HIS: Eg er i møte med barnet, om barns heilskaplege utvikling og læring, danning og sjølvbilde. 22 deltakarar frå private barnehagar

Cathrine Ask: Barn som treng noko ekstra. 58 deltakarar frå private barnehagar.

Conexus: Kvalitetsarbeid og endringsleiing i barnehage. (Kursrekke for styrarar og pedagogiske leiarar. Skal halde fram til 2016). 31 deltakarar frå private- og 15 frå kommunal barnehage.

Årsaka til at det var lite deltaking frå kommunale barnehagar på kursa som er nemnde over, er at dei jobba med kurs i Dei utrolege åra, DUÅ. I tillegg var mange på førstehjelpskurs på kursdagen i november 2014.



Med helsing

Astrid Namtvedt Sylta
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakrar:
Fylkesmannen i Hordaland